



## Notat

Dato: 05.01.2018  
Arkivsak: 2014/24011-46  
Saksbehandlar: gunradd

---

**Til:** Sigrid Næsheim Bjercke

---

**Frå:** Gunhild Raddum

---

### Bybanen til Fyllingsdalen - Endring av kryssløsning Nygårdstangen - Bergen kommune

Samferdselsavdelinga/Skyss registrerer at utkjøringa mot havnesporet til Dokken er regulert bort i begge forslaga. Det betyr at bussene som i skal mot sør ikkje kan køyre direkte ut i Fjøsangerveien slik dei kan i dag. Busser som skal frå terminal sør mot terminal nord i Lungegårdskaien vil ikkje kunne køyre som i dag pga etablering av midtdeler. Utkjøringa frå terminal sør til Lungegårdskaien er sør for søndre søyle under Bygarasjen.

Dette inneberer at dagens bussbevegelser fra terminal sør til nord må køyre via Lungegårdskaien, og ta ein høgresving i krysset. Dette vil gi enda høgare belastning inn mot Fjøsangerveien i rushtida. Moglegheita for å køyre buss mellom disse punkta er viktig da en stor del av bussene som kjører frå terminal nord har reguleringsplasser på terminal sør. Dette avgrensar også moglegheita for å køyre frå terminal sør mot sentrum, noko som trulig vil bli viktigare dersom busser mot vest vekselvis skal køyre via Sydnestunnelen og Nygårdstunnelen.

For å sikre trygg og effektiv trafikkavvikling forventar Samferdselsavdelinga/Skyss at følgjande endringar vert gjort i reguleringsplanen:

1. Utkjøringa via «havnesporet» må opprettholdes.
2. Midtdeler i Lungegårdskaien må avkortas, slik at busser kan svinge til venstre ved utkjøring fra terminal sør.

